

Møteinnkalling/Referat

FAU-møte 25.02.2026 kl 19.30



Sted: Øyra skule

Møteleiar: Kirsti Gaudestad

Sekretær: Hilde Moltu Hjelleseeth

Til stede:

Klasse	Klassekontakt	Klasse	Klassekontakt
1A	Cathrine Lindekleiv Kristiansen, Helge Mjånes	1B	Ina Birgitte Bones Hynden, Martine Holte
2A	Vebjørn Krumsvik Skeide, Beate Krøvel Humberset	2B	Andreas G. Johnsen
3A	Hanne Kristine Aaland, Eivind Martinsen	3B	Eivor Finset Spilling, Maria Jenny Bjørlykke Brandsæter
4A	Håvard Gråbak	4B	Jorun Marie Rypdal Kvernberg, Tarjei Johannessen Vågstøl
5A	MayBritt Roseth, Paul Ottar Tornes	5B	Hilde Moltu Hjelleseeth,
6A	Robert Fremmerli Steinnes,	6B	Kirsti Gaudestad, Karen Rosenberg Olsen
7A	Maria Bjelde Vikebakk,	7B	Heidi Øglænd,
Øvrige			

Sak	Saksnamn og referat	Oppfølging
1	Kort status/referat frå arbeidsgruppene - 17.mai organisering: Alle 4.klasse foreldre er kalla inn til oppstartsmøte. Tema som kan vere aktuelle for 17. mai arbeidsgruppa: Kan inntektene gå tilbake til 4. klassebarna? Skal ansvaret for feiringa flyttast til anna trinn? FAU diskuterer: Isåfall må alle foreldre få uttale	

Oppvekst
www.volda.kommune.no

Postadresse: Stormyra 2, 6100 Volda
E-post: postmottak@volda.kommune.no

Telefon 70 05 87 00
Org.nr: 939 760 946

seg. Det kjem fram argument både for å endre samt for å beholde dagens organisering, men overvekt for å behalde noverande ordning. Innspel om at kommunetilsette kan ta seg av pynting heller enn barneskuleforeldre, men også innspel om at det opplevast uproblematisk å delta i slik pyntedugnad.

- Gå-til-skulen-aksjonen: Fungerte bra og kan godt gjentakast. Ikkje planlagt aktuelle perioder for dette per no.
- Julelunsj til tilsette: Gjennomføring gjekk veldig fint, bør gjentakast for dei tilsette.
- KI i Voldaskulen: Ikkje komst så langt i arbeidsgruppa, virkar ikkje som at "KI i Voldaskulen" er tatt i bruk i barneskule. Innspel om å lage uttale kring KI i Voldaskulen på vegne av FAU, med nokre spesifikke punkt, t.d vedrørande KI for emosjonell støtte. Ynskjeleg at elevar får diskutert både nytteverdi og begrensningar med KI.
- Klasseinndeling i 1. og 5. klasse: Forslag om å endre klasseinndeling f.o.m 5. klasse, mtp eventuell mistrivsel. Nokre slike innspel har komst opp gjennom. Bør innhentast brei kartlegging frå foreldre dersom ein skal arbeide med denne problemstillinga. Innspel om at dette bør vurderast etter behov. Status: Ingen meldt seg til arbeidsgruppa. Beslutning: Arbeidsgruppa leggest ned grunna lite interesse for endring.
- Klementinar til juleverkstad: 1. klasse vart sponsa med klementinar for juletradisjonen - bør gjentakast. Saka kom i avisa
- Leikeområde og evt gapahuk: FAU-foreninga oppe og går, fekk dermed søkt om støttemidlar. Lærarane ynskjer gapahuk. Grendalaget vil sette opp ballbinge på dugnad, og held tak i prosessen. Dei er oppmoda om å ta kontakt ved behov for støtte frå FAU. Ballbinge skal plasserast mellom ungskulen og Øyra. Fått liste frå lærane med ynskja materiell til uteområdet, det vart søkt om støtte, fekk ikkje tilslag. Undersøke status for Leikeplassmillionen, og om dette kan vere aktuelt no. Høre om Elevrådet vil kartlegge barna

	<p>sine ynskjer for uteområdet, dette har også vore gjort relativt nyleg. Innspel om at det manglar leikeapparat/leikarhytter til dei yngste elevane. Innspel om lavbudsjettstiltak som spraymaling/maling på bakken, som ikkje utløyser strenge sikkerheitskav. Dugnad har vore foreslått. Kan Arbeidslivsfag ved ungdomskulen evt kunst- og handverksstudentar bli spurt om interesse for å bidra? Denne arbeidsgruppa ynskjer gjerne fleire medlemmar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Opprette foreining og organisasjonsnummer: FAU foreninga no fått org.nummer og søker banknummer - Valdshending -innspel frå FAU: Tidlegare sak om voldshending vert no ikkje vidareført som drøftingspunkt. - Vedlikehald dokument frå FAU: Digital rettleiar vedlikeholdt; godt samsvar fortsatt, men nye nasjonale skjermråd har komt. Vil legge til lenke til desse. Foreldrehandboka vart oppdatert i haust. - Økonomibudsjett -kutt: Leverte innstilling ved budsjettarbeid hausten 25. 	
2	<p>Informasjon frå SU-møte 24. feb: Eige referat skal kome. Leiar og nestleiar orienterer FAU frå SU møte 24.02.26.</p> <p>Rektor presenterte resultat nasjonale prøver. Øyra ligg fint an, og prioriterer dei som ligg lågast. Rektor oppfordrar foreldre til å snakke meir med barna, og lese mykje! Rapportar om at borna har eit fattigare språk no enn før.</p> <p>Elevundersøkinga: nokså greie svar frå denne. Svake punkt: låge skårer på motivasjon, for lite faglege utfordringar, ikkje like god skåre på elevdemokrati som før. Innspel om at dette til dels kan forklarast med at der ikkje er økonomi til å innfri ynskjer elevane kjem med sjølv. Kan dei bli oppmoda til å ynskje seg t.d. aktivitetar som ikkje kostar pengar?</p>	

	<p>Situasjon med gjennomføringa av Elevundersøkinga i 5. klasse vert diskutert av FAU; tabbe med gjennomføringa ifølge skulen. For dårlege førebuingar, fekk ikkje gjort begrepsavklaring i forkant i høve mobbing. Skulen beklagar dette, og vil undersøke nærmare korleis dette kan unngåast.</p> <p>Innspel om uheldig situasjon med 5. trinn, høgt utslag på mobbing; 20%. Resultatet bør takast på alvor og følgast opp, trass svakheit med gjennomføringa. Spekter er meir informativ undersøking, skal gjennomførast på 5. trinn.</p> <p>“Tilstandsrapport leseferdigheiter”. Elevar får gjere seg kjent med prøveforma, som kjem meir på ungdomsskulen.</p> <p>Lite kull med 1. klassingar det komande skuleåret. Det blir ei lita klasse med ein kontaktlærer og ei “ordinær” klasse med to kontaktlærarar. Ikkje endeleg informasjon om inndeling per no.</p> <p>Oppfordring frå skulen om at føresette “hevar terskelen” for når det blir bedt om fritak frå symjing og kroppsøving for elevane. Skulen etterstrebar å tilby alternative aktivitetar om eleven ikkje kan delta i planlagt aktivitet.</p>	
3	<p>Diskusjon rundt skjembruk og nasjonale råd for skjembruk: FAU har sendt inn skriv til skulen med ynskje om dialog kring skjerm.</p> <p>Lærarar uttrykker at det er målretta bruk i undervisninga; skjerm blir brukt på ulike vis med intensjonelt pedagogisk føremål.</p> <p>Innspel om at informasjon til foreldra via vekeplan kunne vore nyttig, ift kva elevane jobbar med på læringsbrett.</p> <p>Diskusjon om skjerm i matpauser, og på SFO. Brei stemning i foreldregruppa for 20 minutt matpause primært uten skjerm. Spørsmål til skulen om i kva utstrekning skjerm blir brukt under matpause. Innspel om at i lys av nye nasjonale skjermråd, må både heimen og skulen omstille seg til ein ny normal der skjembruk begrensast i fleire samanhengar.</p>	

	<p>Filter på læringsbrett: No strenge filter i motsetning til tidlegare. I den grad at det kan vanskeleggjere at lærarar får tilgang til ynskja ressursar på nett.</p> <p>Foreldra ynskjer tydeleg informasjon om status for filter og retningslinjer for trygg nettbruk, for å kjenne til eventuelt potensiale for eksponering for skadeleg innhold, m.a ved bruk av læringsbrett i heimen.</p> <p>Det understrekast at FAU ikkje meiner at det primært er skulen som må stå for begrensing av borna si skjemtid, men at det i lys av nye nasjonale skjermråd i hovudsak er foreldre som må begrense skjermbruk på fritida; i mange tilfelle både sin eigen og borna sin skjemtid.</p> <p>Men, det framstår rimeleg at begge arenaer tek grep, ikkje kun den eine.</p> <p>Det erkjennast også at å begrense skjermbruk både i heimen og på skulen er utfordrande - men naudsynt, dersom barn skal tilvennast skjermfri i ei rekke situasjonar. Realistisk sett kan det hende det kan bli meir uro i ein del situasjonar utan skjerm, før eventuelle problem med uro vonaleg kan avta. Dreg heim og skule i same retning er dette truleg gunstig i ei omstillingsfase.</p>	
4	<p>Symjring: Skulen melder om tendens at det kjem ein del meldingar om fritak frå gym/symjring. Spesielt 7. trinn. Skulen vil planlegge alternativ aktivitet. Skulen vil freiste å sende melding via fråværsfunksjon i Vigilo viss glømt utstyr. Viktig at heimen følger opp dette for sitt barn. FAU har vorte kontakta med spørsmål kapasitet til å gjennomføre symjeopplæring.</p>	
5	<p>Strøying på skuleområdet: Rektor vart kontakta av FAU, og skulle ta initiativ for strøying med kommuna. No mildvær og isen er borte.</p>	
6	<p>Økonomi skulebøker: Budsjett innebærer pott til fysiske bøker. Ikkje vore midlar til å skaffe bøker i alle fag, skulen har prioritert norsk bøker. Ingen automatikk i at bøker vert kjøpt inn til alle trinn. Kommuna og herunder skulen er i ein krevande økonomisk situasjon. Men rektor har i SU formidla at ein først starta med å kjøpe inn til 1.-4. klasse, så 5.-7. klasse. Dette ser FAU på som veldig positivt.</p>	

	<p>FAU vil be rektor orientere om skulen sine retningslinjer for innkjøp av bøker; kva er skulen sin konkrete intensjon og plan - over tid. Dette for å gi forutseielegheit for foreldre i høve fysiske lesebøker, no og i fortsettinga, og dermed kunne redusere gjentekne førespurnader kring dette.</p> <p>FAU er samstemte i at det er ynskjeleg å auke graden av fysisk undervisningsmateriell for alle elevar. Om det er umogleg med bøker for enkelte trinn, er stensilar ynskjeleg for både tekst som skal lesast og andre oppgåver som skal løysast.</p> <p>Å lese fysisk materiell og å arbeide med ei fagleg problemstilling for hand, leier til djupare leseforståing og generell innlæring, samt betra evne til å gjenhente kunnskapen. Å lese fysisk materiell leier også til betra konsentrasjonsevne og styrkar kognitiv uthaldenheit. Alle desse utfalla reknast som svært ynskjelege både frå foreldre og skule.</p> <p>Digitale ressursar har også klare styrkar for læring, og elevane har truleg best fagleg utbytte av at fagleg stoff vert presentert gjennom varierte og komplimenterande kanalar og metoder. FAU har tillit til lærarane sin kompetanse, og evne til å vurdere kva som er egna undervisningstilnærmingar, samt eventuelle ulemper med desse.</p>	
7	evt	